

# Referat frå instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk, UiB

Merknader kan sendast til [arve.uthaug@uib.no](mailto:arve.uthaug@uib.no). Merknadsfrist: 5. februar 2026.

**Dato:** onsdag 28. januar 2026

**Stad:** rom 326, HF-bygget

### Til stades

Frå gruppe A: Dagmar Haumann, Brita Lotsberg Bryn, Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden og Sigrid Ørevik.

Frå gruppe B: Alma Oftedal.

Frå gruppe C: Eleni K. Solstad.

Frå gruppe D: Mathilde Sanne og Tyler Hanssen.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Peder Lippert Fuglevik orientera om sak 3A. Laura Saetveit Miles orienterte om sak 3F og leia drøftinga under sak 5.

### Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

### Sak 2 – Godkjenning av referat frå møtet 3. desember 2025

Referatet er godkjent.

### Sak 3 – Orienteringssaker

- A) Studiekonsulent Peder L. Fuglevik orienterte om prosjektet “Låne ein forelesar”, der forelesarar frå m.a. IF har vore ute og besøkt vidaregåande skular med korte faglege foredrag. Tilbodet har vore populært, og vi har fått gode tilbakemeldingar.
- B) Instituttleiar orienterte om tilsetjingssaker ved instituttet: Roxana Sobrino er undervisningsvikar for Ernesto Seman i 2026, Sunniva Schevik er tilsett som

vitskapleg assistent i 20 prosent på Darklax-prosjektet 2026-2027 og det er tilsett i to attåtstillingar på spansk 2026-2027 (Ariel Galvez Lamas og Victor Jose Guillermo Gutierrez). Vi fekk ikkje kvalifiserte søkjarar til den utlyste attåtstillinga på russisk, og her må vi finna ein annan måte å rekruttera. Det er lyst ut ei femti prosent fast stilling på kinesisk språk med søknadsfrist 22. februar.

- C) Instituttleiar orienterte om det pågåande engelskkurset for ukrainske legar. Kurset er utvikla av Kimberly M. Skjelde og er eit samarbeidsprosjekt mellom UiB og ein frivillig organisasjon som arbeider for Ukraina.
- D) Instituttleiar orienterte om samarbeid mellom UiO og UiB om fag som har svak studentrekruttering. Kunnskapsdepartementet har tydelege forventningar om eit slikt samarbeid framover.
- E) Instituttleiar orienterte om samarbeid innanfor den europeiske universitetsalliansen CHARM EU. Studieleiar og instituttleiar har nyleg vore på ei samling i Barcelona, og instituttet vil gå inn i eit samarbeidsprosjekt om KI og undervisning innanfor CHARM-nettverket.
- F) Forskingskoordinator Laura Saetveit Miles orienterte om søknader frå IF om eksterne forskingsmidlar. Søknadsaktiviteten har vore ganske stor det siste året ved IF (NFR og ERC/EU), og er framleis stor. Instituttleiar peikte på den tydelege samanhengen mellom MSCA-stipendiatane vi har fått, og talet på søknader til ERC starting grant.

#### **Sak 4 – Rekneskap for 2025 og budsjett for 2026**

Administrasjonssjef og instituttleiar orienterte om den økonomiske situasjonen og budsjettframlegget for 2026. Der er budsjettert med eit visst overskot i 2026, men allereie frå og med 2027 får instituttet ein klart strammare budsjettsituasjon. Instituttet må redusera utgiftene til løn og honorar, arbeida for vekst i inntektene frå studiepoeng/gjennomføring og eksternfinansierte prosjekt, og i tillegg innføra konkrete sparetiltak.

Sparetiltaka vart drøfta av instituttrådet 3. desember (sak 6). Eitt av tiltaka går ut på å gå over frå to til ein eksamenssensor på dei eksamenane der dette ikkje er i strid med regelverket. Berg Henjum uttrykte skepsis til ei slik omlegging og spurde korleis ein ville sikra at det ikkje utviklar seg isolerte lokalkulturar for sensurering. Det kom ikkje framlegg i møtet om å fjerna dette sparetiltaket. Instituttleiinga viste til at overgangen frå to til ein sensor vil bli gjennomført frå og med hausten 2026. Instituttrådet vil seinare i vårsemesteret få presentert gjeldande regelverk for sensur saman med meir informasjon om korleis IF vil etablera "sikringsordningar" for å tryggja ei forsvarleg omlegging frå to til ein sensor.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek rekneskapen for 2025 til vitende og godkjenner driftsbudsjettet for 2026, inkludert sparetiltaka i framlegget frå instituttleiinga.*

#### **Sak 5 – Fordeling av to ny stipendiatstillingar**

Forskningskoordinator Laura Saetveit Miles leia drøftinga av denne saka; instituttleiari hadde bede henne om dette sidan hans eige fagområde var prioritert i framlegget til stipendiat-utlysing.

Berg Henjum viste til at tysk sannsynlegvis misser sendelektoren frå DAAD, og framover vil det derfor vera større behov for stilling på tysk språk/fagdidaktikk enn på litteratur. Han spurde vidare om dei framtidige planane og den framtidige forankringa av ukrainsk ved IF sidan feltet er prioritert med ei stipendiat-utlysing: Skal det opprettast eigne gradar i ukrainsk og eit eige programstyre? Per i dag har ikkje instituttet ukrainsk som eit eige fag, påpeikte Berg Henjum. Instituttleiari viste til at det ikkje er planar om å innføra ein BA-grad eller eit eige programstyre i ukrainsk. Lotsberg Bryn viste til at programstyret på russisk har stilt seg bak prioriteringa av ei stipendiatstilling i ukrainsk. Samstundes streka ho under det sterke behovet faget har for undervisningskrefter innanfor russisk språk, og at programstyret har ytra ønske om at den som eventuelt får ei stipendiatstilling i ukrainsk, òg kan undervisa i russisk språk. Haumann spurde om vi har nokon med formell kompetanse til å rettleia innan ukrainsk. Saetveit Miles opplyste at planen er å engasjera ein ekstern medrettleiar som supplerer den interne hovudrettleiaren.

*Vedtak (mot 1 blank røyst): Instituttrådet vedtek å lysa ut dei to nye stipendiatstillingane til (1) arabisk/midtaustenhistorie og (2) ukrainsk.*

Når det gjeld utlysing av stipendiatstillingar til neste år, stilte instituttrådet seg positiv til framgangsmåten instituttleiari skisserte med først å senda eit ope spørsmål til både forskargrupper og fag om innspel til prioriterte stipendiatstillingar, og deretter leggja prioriteringa fram for instituttrådet seinare i vår.

### **Sak 6 – Årsplan for HMS ved instituttet i 2026**

Oftedal etterlyste litt midlar til mat på utvida lunsj, og meinte dette ville vera eit viktig signal.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet godkjenner framlegget til årsplan for HMS-arbeidet ved instituttet i 2026.*

Martin Paulsen,  
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef